

Rekordutvikling – Vinterkarusellen – Eikangervåg ca. 2150 meter



Svein Roar Kvamme skjønner på oppløpet at det vert ny rekord og jublar rett før mål.

Svein Roar Kvamme (biletet) har løyperekorden i vinterkarusellen med 5.58 frå 21. oktober 2017. Han er den første og hittil einaste som har sprunge under seks minuttar.

Kvamme betra då bestetid til Halfdan Emil Færø frå 2013 med seks sekund. I rekordløpet hadde Kvamme nettopp hardast konkurranse av Halfdan Emil som vart nummer to på 6.08.

Gunnar Hauge var den første som sprang under sju minuttar, då han i førjulsløpet i 1982 sprang på 6.30. Den løpsrekorden som har stått seg lengst var Kjetil Hodnekvam si tid på 6.10 oppnådd 10. november 2001. Den rekorden stod i vel elleve år til Halfdan Emil Færø sprang på 6.04 i mars 2013.

Medan løpsrekorden for menn berre har vore sett ni gonger, har rekordane kome atskilleg tettare for kvinner.

Marit Hosøy var den første som sprang under ni minuttar med 8.49 i april 1985. Først under åtte minuttar var Bente M. Hølleland Færø med 7.54 i april 1991. Den rekorden stod i vel sju år til Sara Rebekka Færø Linde sprang på 7.48 i oktober 1998. Ho betra rekorden fleire gonger. I førjulsløpet i 2006 sprang ho på 7.41.

Så i januar 2009 sprang Bertine Helene Færø på 7.40 og overtok rekorden, og i februar 2011 sprang ho på 7.22.

Kampen om løpsrekorden for kvinner har dei siste 12-14 åra stått mellom dei to Færø-systrene. Ved løpet 2. november 2019 tok Bertine Helene førebels siste stikk då ho sette ny rekord med 7.04.



Bertine Helene Færø spurtar inn til rekordtida 7.04.

Menn

Gunnar Hauge	7.03	26.01.1980
Gunnar Hauge	6.30	04.12.1982
Svein Glomnes	6.29	15.11.1986
Kurt Olsen	6.16	13.12.1986
Harald Nygård	6.15	25.01.1992
Bjørn Engen	6.15 T	03.04.1993
Kjetil Hodnekvam	6.10	10.11.2001
Halfdan Emil Færø	6.04	16.03.2013
Svein Roar Kvamme	5.58	21.10.2017

Kvinner

Randi Heggertveit	10.05	26.01.1980
Turid Myhr Eknes	9.56	16.01.1982
Marit Hosøy	8.49	13.04.1985
Vibeke Åsebø	8.38	07.01.1989
Vibeke Åsebø	8.37	28.01.1989
Vibeke Åsebø	8.37 T	18.03.1989

Bente M. Hølleland Færø	8.23	16.03.1991
Bente M. Hølleland Færø	7.54	06.04.1991
Sara Rebekka Færø Linde	7.48	31.10.1998
Sara Rebekka Færø Linde	7.47	28.10.2000
Sara Rebekka Færø Linde	7.42	18.11.2000
Sara Rebekka Færø Linde	7.42 T	16.12.2000
Sara Rebekka Færø Linde	7.41	16.12.2006
Bertine Helene Færø	7.40	24.01.2009
Bertine Helene Færø	7.29	31.10.2009
Bertine Helene Færø	7.22	19.02.2011
Sara Rebekka Færø Linde	7.22 T	28.03.2015
Sara Rebekka Færø Linde	7.18	11.03.2017
Sara Rebekka Færø Linde	7.17	10.03.2018
Bertine Helene Færø	7.17	05.01.2019
Sara Rebekka Færø Linde	7.10	16.02.2019
Bertine Helene Færø	7.10 T	12.10.2019
Bertine Helene Færø	7.04	02.11.2019